



Steinar Haugland held fram med skuletilbodet på eigen grunn (Foto: Ola Matti Mathisen)

Pålatunet på Haugland, eit tilrettelagt opplæringstilbod for elevar i grunnskulen, er inne i eit nytt skuleår. Det er no underskreve avtale for dette mellom kommunen og Steinar Haugland, som er i 90 prosent stilling.

Pålatunet rettar seg i hovudsak mot elevar frå 13 til 16 år, men er også for dei øvste årsstega i barneskulen. Kommunen avgjer kven som får nytta seg av tilbodet etter tilråding av PPT og etter samråd med Haugland.

Det vert teke utgangspunkt i dei aktuelle elevars særlege behov. Kvar elev skal ha ein individuell opplæringsplan. Dei er knytt til heimeskulen sin også dagane på Pålatunet.

Dette gjeld kontaktlæraransvar, fråvær, søknadar om permisjon, ordensmessige tilhøve med vidare.

Kommunen legg til grunn at Pålatunet stillar garden til disposisjon som læringsarena og tilbyr elevane praktiske og teoretiske aktivitetar og friluftsliv. Bygningar og areal vert nytta til undervisning og praktisk opplæring. Tilbodet gjeld 4 dagar i veka og vidareførar opplegget frå skuleåret 2011/2012.

Pålatunet kan ta i mot inntil 2 elevar om dagen. Fleire kan få tilbod men då må det skje ei styrking av bemanninga, som heimeskulen har ansvar for.

Elevkostnaden er 4000 kroner pr. år pr. elevdag. Til leige

av lokale vert betalt 5000 kroner pr. måned i 10 månadar, 800 kroner til straum og 700 kroner til andre driftskostnadar knytta til lokale.

Av Ola Matti Mathisen